

Berekraftige praksisar i barnehagen

Eit verktøy for å identifisere og
legge til rette for berekraftige praksisar
relevante for barnehagebarn

KINDknow Notes series 14, 2025





BARNkunne – Senter for barnehageforskning

**Barnehageforskning for
ei meir rettvis og berekraftig
framtid for barna våre.**

Introduksjon og mål

Dei siste tiåra er det satt økjelys på overforbruk av naturressursane våre. Det blir vist til dystre framtidsutsikter prega av klimakrise, forureining og menneske på flukt frå krig og naturkatastrofar. Verda står overfor store, kompliserte utfordringar som små barn ikkje kan eller skal forhalda seg til. Likevel er det stor semje om at det er eit stort potensiale for berekraftige praksisar i barnehagen, men kva som er relevante og tenlege aktivitetar for små barn, er ikkje det same som for eldre barn eller vaksne. BARNkunne har difor utarbeida eit observasjonsverktøy som kan brukast for å sjå om aktivitetar i barnehagen kan sjåast som berekraftige.

Målet med verktøyet er å vise til kjenneteikn ved berekraftige praksisar. Det kan brukast både til å sjå om aktivitetar som allereie skjer i barnehagen kan forståast som berekraftig utdanning i barne- og barnehageperspektiv, og for planlegging av fleire berekraftige aktivitetar.




Foto: Shutterstock

Fire-dimensjonal tilnærming til berekraft

Brundtlandkommisjonen frå 1987 definerer berekraftig utvikling som ei utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å øydeleggje for framtidige generasjonar sine høve til å få dekka sine behov. Dei prioritetar blant anna å kjempe mot fattigdom, gjennom fokus på sosiale forhold og på mangfaldet og avgrensingane i naturen; det vil sei økonomiske, sosiale og økologiske forhold. I samband med utvikling av FN sine tusenårs mål blei det foreslått ein fjerde, politisk dimensjon som handlar om at det trengs eit berekraftig styresett for forvalting og likeverdig fordeling av ressursar. Dermed kan ein forstå berekraft ut frå følgjande fire dimensjonar: økologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft, og som berekraftig styresett (sjå figur 1). Det er særleg det overlappende området i midten av figuren som er interessant. Det viser til aktivitetar som kan røre ved alle fire dimensjonane og som dermed blir sett som optimalt for å oppnå berekraftig utvikling.

For å undersøke om aktivitetar ein driv med - eller vil drive med - i barnehagen kan kallast berekraftige, kan ein sjekke om desse fire dimensjonane er til stades. Det er ikkje sikkert at alle aktivitetane omfattar alle fire dimensjonane, men berekraftige praksisar bør omfatte alle fire:



Figur 1, henta frå Grindheim, Bakken, Gislefoss, Hauge og Heggen (2019) Lekende endringsagenter i bærekraftige barnehage. I Grindheim & Aaserud (red.). Barnehagelæreren – en verdibygger. Fagbokforlaget.

Observasjonsskjema

Kjenneteikn ved dei ulike dimensjonane byggjer på forsking på og om berekraftige praksisar i barnehagen.

For å finne ut om aktivitetar er berekraftige, kan ein sjå etter følgjande kjenneteikn:

DIMENSJON	KJENNETEIKN
Økologisk	<p>Leik i naturen som gir erfaringar med fenomen og samanhengar i naturen. Etablere ei økosentrisk forståing om forholdet mellom menneske og natur, der menneske er ein del av naturen og avhengig av naturen.</p>
Sosial og kulturell	<p>Barna hører til; «det er min barnehage, mi bygd, min bydel». Barna er trygge saman med kvarandre og personale. Dei er med i aktivitetar som gjerne ulike, men likeverdige deltakarar. Aktivitetane skapar tilhøyrslle til lokalsamfunnet ved å bli kjent i nærmiljøet, gjennom kjennskap til lokalhistorie og tradisjonar.</p>
Økonomisk	<p>Aktivitetar som skapar balanse mellom ressursar og konsum. Naturressursane blir brukt så lenge og effektivt som mogeleg. Ein unngår bruk-og-kast. Omfattar forståing av mengde (mykje, lite, mindre enn eller meir enn), for å kunne forstå fordeling av gode og at gode kan bli brukt opp. Viser til verdiar utover økonomisk verdi, til dømes affeksjonsverdi, bruksverdi osb.</p>
Berekraftig styresett	<p>Styresett er det som regulerer praksisen; til dømes planar, dagsrytme, reglar, arbeidsmåtar og forståingar som er etablerte i barnehagen. Eit berekraftig styresett gir rom for innspel frå ulike menneske med ulik kompetanse og som kan føre til endringar; ikkje kva som helst av endringar, men endringar som skapar meir likeverdige rutinar, arbeidsmåtar osb.</p>

Døme på korleis observasjonsskjema kan brukast

Leik er barn sin måte å vere i verda, erfare verda og endre verda på og utgjer ein stor del av kvardagsaktivitetane i norske barnehagar. Her blir ein aktivitet der barna leikar med vatn tittelert Fritt fram presentert¹, og knytt til dei fire dimensjonane av berekraft ved hjelp av malen på førre side.

Fritt fram

Materiale i bruk var ein balje med vatn med Zalo i (for å få bobler) og ulike gjenstandar som flasker, svamper, oppvaskbørste, bøtter og konditorfarge. Barna plaska, lo, spruta og rota rundt i vatnet. Dei eldste utvida leiken til sykkelskjer og kafé, laga mat og vaska med vatnet. Barna leika også med vatnet i dammane, laga sølekake og vatna plantene.

Det blei lagt vekt på at barna skulle få grunnleggjande erfaringar med vatn ved å tilby ulikt materiale til å utforske vatnet med, og personale var også med i leiken og utforskinga.

At barna var med på å påverke kva ein brukte vatnet til og fekk bruke vatnet på andre måtar enn det som var planlagt, blir sett som arbeidsmåtar tett på eit

berekraftig styresett. Den økologiske dimensjonen kjenner vi igjen sidan barna utforska vatnet som naturfenomen, blei nysgjerrige på økologiske samanhengar i naturen og fekk større forståing av kva vatn betyr for planter og menneske. Positive erfaringar med naturen i fellesskap med andre barn og personale er sentralt for ynskje om å verne om naturen. Den sosiale og kulturelle dimensjonen kjenner vi igjen då leiken blei utvida både med tema, kven og kor mange som blei med i leiken. Det blei ein mangfoldig leik med plass til ulike barn med ulik kompetanse i eit meiningsfullt fellesskap der latteren sat laust. Sosiale samhandlingar skapar kulturar – og samhandling rundt vatn og avhengigheit av vatn som grunnlag for kulturar – har lange tradisjonar.

Den økonomiske dimensjonen kjenner vi igjen fordi vatnet fekk verdi som «leiketøy». Medan andre deler av verda opplever tørke, er vatn ein tilgjengeleg, resirkulærbar og gratis ressurs i Noreg. Slik blir urettvis fordeling av vassressursar, aktualisert. Dermed er alle dimensjonane i berekraftig tilnærming å spore i denne enkle og kvardagslege aktivitetten.

DIMENSJON	KJENNETEIKN
Økologisk	Barna utforska vatnet som naturfenomen, blei nysgjerrige på økologiske samanhengar i naturen og fekk større forståing av kva vatn betyr for planter og menneske.
Sosial og kulturell	Leiken blei utvida både med tema, kven og kor mange som blei med i leiken. Det blei ein mangfoldig leik med plass til ulike barn med ulik kompetanse i eit meiningsfullt fellesskap.
Økonomisk	Vatnet fekk verdi som «leiketøy». Medan andre deler av verda opplever tørke, er vatn ein tilgjengeleg, resirkulærbar og gratis ressurs i Noreg. Slik blir urettvis fordeling av vassressursar, aktualisert.
Berekraftig styresett	Arbeidsmåtane gjorde det mogeleg for barna å vere med på å påverke kva ein brukte vatnet til. Det vart også høve til å bruke vatnet på andre måtar enn det som var planlagt.

¹Les meir om prosjektet i Grindheim, Bakken, Gislefoss, Hauge og Heggen (2019) Lekende endringsagenter i bærekraftige barnehage. I Grindheim & Aaserud (red.). Barnehagelæreren – en verdibygger. Fagbokforlaget.

Observasjonsskjema

DIMENSIJON	KJENNETEIKN
Økologisk	
Sosial og kulturell	
Økonomisk	
Berekraftig styresett	

Ved å leite etter kjenneteikn ved alle fire dimensjonane ser vi at ein kvardagsleg og vanleg aktivitet blir viktig. Det kan fort vere fleire slike kvardagsaktivitetar i barnehagen som blir oversett og som dermed fort kan erstattast av andre og kanskje meir «eksotiske» aktivitetar eller dyre, ferdigkjøpte opplegg. Det er kjekt og spanande med noko nytt, men husk å sjekke om og kvifor aktivitetane kan sjåast som berekraftige.

Finn de dimensjonane i aktivitetar som skjer i barnehagen dykkar? Om ikkje, korleis kan aktivitetane endrast slik at fleire dimensjonar kan sporast i slike eller andre aktivitetar i barnehagen dykkar?



Høgskulen
på Vestlandet

BARNkunne
Senter for barnehageforskning



KINDknow notes series 14, 2025
ISBN 978-82-8461-167-9
ISSN 2704-1778